

Spretten

Våren 2007 var ein laber periode for Spretten. Det var lite folk på trening og vanskeleg å stilla lag til kampar. Hausten 2007 hadde heile teamet som jobbar med dei utviklingshemma eit møte kor me diskuterte korleis me kunne redde laget.

For å skaffe inntekter til baneleie i hallen vart det starta opp med klubb annan kvar torsdag. Her skjer diverse aktivitetar, sel bollar, pizza, kaffi.

Det er framleis vanskeleg å få folk til Bocciakampane, så det er nok siste sesong me deltek i Bocciaserien.

Hausten 2007 begynte gruppa å trena handball. Dette er ein aktivitet dei likar, og det er stort framme på treningane. Gruppa håpar å få til kampar mot tilsvarande lag i Bergen i neste sesong.

Handballgruppa

Styret har i driftsåret 2007 hatt 7 styremøte og handsama 40 saker dette året.

Sportsleg leiar har delteke på sonemøte i regi av Nhf Region Vest.

Gruppa har ved årsskiftet ca 80 betalande medlemmer. Det har vore ein nedgang i talet på medlemmer frå i fjor. Vi har størst problem med å halde på dei eldste spelarane.

I tillegg til seriespel har dei fleste laga delteke på cup: Øygard cup, Altacup, Vårsprett,

- MIL cup, Spb cup Fyllingen, Solacup, Julecup.
- I julecupen var det Osterøy sitt G12 lag som kom heim med det gjevaste trofeet i sin klasse, og dette er vel den største prestasjon i handballgruppas historie.

Gruppa har hatt 8 trenarar til 8 lag i serien, fordelt på gutar og jenter i alderen 9 – 16. 3 dommarar hgar vore i sving med fløyta.

Kampavviklinga i hallen har gått fint. Gruppa har i løpet av året avvikla 61 heimekampar og HaFo turneringa i mars. Frå haussesongen har kvart lag hatt ansvar for kiosk/vakt og billettsal. Styret har i gjennom heile sesongen hatt faste vakter i sekretariatet på dei ulike kampdagane, det har i denne sesongen vorte mykje arbeid på styremedleme. Frå neste sesong vil ein prøva å få foreldre til å dela på denne oppgåva.